



TIL DEG SOM HAR EIT KOMMANDE BARNEHAGEBARN

Å byrje i barnehagen er ei **stor hending** i eit barn sitt liv. Viktige faktorar for at barnet skal oppleve ein **god og trygg** overgang er at «*barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn (...)* Tett oppfylgning fyrste tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrslse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære» Rammeplan barnehage

Les for barnet ditt kvar dag. Høgtlesing for barn, gjev **nærleik og gode opplevingar**, i tillegg til at det er med å utvikla språkforståinga og auka ordforrådet til barnet.

Besøk barnehagen sitt uteområde slik barnet er godt kjent med dette, ved oppstart i barnehagen.

Snakk med tilsette i barnehagen om det er noko du lurar på eller om du er bekymra for noko.

Leik titt-tei og/eller gøymle, slik at barnet får **erfaring** med at du blir borte og kjem igjen.

Etter oppstart i barnehagen kan barnet ditt trenga **ekstra nærleik** og rolege ettermiddagar. Bruk **tid** saman med barnet ditt, og ro gjerne ned heime.

Ver ein **brubbyggjar** mellom barnet ditt og barnehagen. Del med tilsette i barnehage kva behov barnet har, kva det likar, kva som kan vere vanskeleg, kva det treng av vaksne i ulike situasjonar etc.

Snakk med barnet om barnehagen. **Førebu** barnet ditt før det skal gå, og snakk om det som har skjedd i barnehagen når du har henta barnet.

Når du er på besøk i barnehagen er det fint om du snakkar med **andre barn** og vaksne. Då signaliserer du til barnet ditt at det er **trygt** å vere med dei andre barna og vaksne i barnehagen.

Det kan vere positivt for barnet å ha med ein gjenstand i barnehagen, som **symboliserer tryggleik**, t.d. ein koseklut, bamse eller



Sveio kommune

Velkommen til barnehagen!

Her er ei lita oversikt over aktivitetar i samband med oppstart i barnehage. For meir informasjon sjå kommunen sine nettsider.



Aktivitetar i samband med oppstart i barnehage

- Samarbeidsmøte for barn med behov for individuelt tilrettelagt barnehagetilbod
- Foreldremøte i barnehagen
- Minimum tre besøksdagar for barn med føresette
- Oppstartsfase i barnehagen saman med føresette (5 dagar)
- Oppstartssamtale

[Barnehagestart - slik hjelper du ettåringen din \(youtube.com\)](https://www.youtube.com/watch?v=...)